

● Frimerke



Gjennomsnittsalder: Erik Olafsen hos Kjell Germeten AS fortel at gjennomsnittsalderen på ein frimerkesamlar i dag ligg på rundt 75 år.

Foto: Kjell Åsmund Sunde/ NPK

► re og fjerne historie. Forfattarar, kongar, kunstnarar og andre viktige historiske personar prydar ei rekke merke. I tillegg har mange merke motiv knytt til historiske hendingar.

– Norske merke fortel heile historia vår. Om ein i tillegg samlar på utanlandske merke, kan ein lære ein heil del om geografi. Vi finn for eksempel ei rekke merke pryda med illustrasjonar av land som ikkje eksisterer lenger, avsluttar auksjonshandlar.

Ung samlar mot straumen

Sjølv om snittalderen på norske samlarar er høg, finst det framleis barn og unge som samlar. Hobbyklubben i Namsos er den største juniorklubben i landet som er tilslutta organisasjonen Norges Frimerkeungdom. Dei har i alt 40 unge medlemmer fordelt på fire grupper.

– Eg var ni år då eg byrja å samle på frimerke. Eit halvt år seinare vart eg med i ein juniorklubben som heldt til på skulen min. No går eg i 7. klasse og er framleis medlem i klubben saman med tre venner, fortel Joakim Husby frå Namsos.

Husby byrja å samle på frimerke av den enkle grunn at han likte å samle på ting og innrømmer at han òg blei påverka av søstera som òg er samlar. Han er klar på kva som er mest spennande med å samle.

– Det er kjekt å finne merke med bilde av ymse ting. Eg kan samle på frimerke som har bilde av ting eg er interessert i, til dømes fotball og hundar. Eg kan òg finne bilde eg aldri har sett før. Det er òg spennande å finne seriar av merke, for ikkje å snakke om å jakte på verdifulle frimerke, seier den unge sammlaren.

Han trur få unge samlarar fordi dei ikkje høyrer om hobbyen.

– Dei får heller ikkje tilbod om å vere med i ein klubb. Men her i Namsos er vi heldige slik sett, avsluttar Husby.

Kjell Åsmund Sunde - NPK
redaksjonen@nationen.no



Kongen

«I 1980 snakka ein om at frimerkesamling var kongen over alle hobbyar. På det meste var det om lag 150.000 samlarar. Slik er det ikkje i dag. No er det vel rundt 10.000 igjen.»

Erik Olafsen, dagleg leiar for auksjonsfirmaet Kjell Germeten AS



Katalog: Erik Olafsen hos Kjell Germeten AS syner fram katalog over norske frimerke.

Foto: Kjell Åsmund Sunde/ NPK



Sønsteby: I 2018 lanserte Posten eit frimerke av Gunnar Sønsteby. Avdukinga skjedde utanfor Heimefrontmuseet på Akershus festning i Oslo. Frimerket kom ut samstundes som den dekorerte krigshelten ville blitt 100 år gammal.

Foto: Tore Meek / NTB scanpix/ NPK